

# Kontrakt om drift av uteanlegg Knarvik Idrettspark

Partar:

Lindås kommune (LK) organisasjonsnummer 935 084 733

Nordhordland Ballklubb (NBK) organisasjonsnummer 975 620 964

Det er 01.06.17 inngått avtale mellom Lindås kommune og Nordhordland ballklubb om drift av uteanlegga på Knarvik Idrettspark. Avtale inneber at Nordhordland Ballklubb skal utføra det daglege vedlikehaldet av grasbana, friidrettsbana, 11ar og 7ar kunstgrasbaner, kastanlegg grus, samt omkringliggende plenar og gangstier. Omfanget av utført arbeid skal vera minimum 1000 arbeidstimar årleg.

Avtalesum: 23 100 kr pr. mnd / 277 200 pr år. Beløpene er eks. mva.

Dette tilsvarer ein 60% stilling. Timene vil vere ulikt fordelt utover året, og er lista opp i vedlegg 1. Viss NBK vil halde ei høgare standard på bana med oftare klipping/brøyting etc er dette for eiga rekning.

Lindås kommune skal utføra følgjande arbeid i idrettsparken:

- Drift og vedlikehald av lysanlegg.
- Drift og vedlikehald av dresnanlegg.
- Drift og vedlikehald av vatningsanlegg.
- Lufting og vertikalskjæring av grasbane. Fylling av sand på grasbane.
- Djuprens av kunstgrasbaner.
- Service og vedlikehald av utstyr som høyrer til banestellet.
- Sørge for nødvendig innkjøp ihht avtalt tid.

Nordhordland Ballklubb sine pliktar er omtalt i vedlegg 1.

I tillegg vil kjøring av gress faktureres med km. Dette gjeres månedlig.

Drift av fotball og friidrettsanlegga i Nordhordlandshallen er ikkje omfatta av avtalen, og skal utførast av Lindås kommune.

Det skal etablerast ei gruppe på maksimalt 5 personar som skal stå for alt arbeidet Nordhordland Ballklubb utfører for kommunen i idrettsparken. Lindås kommune pliktar å gje desse inntil 3

arbeidsdagar med opplæring. Opplæring vil skje innanfor eigedomseininga si normale arbeidstid 07.30-15.00.

Kvar av partane skal oppnemna ein kontaktperson. All kontakt vedrørende denne avtalen skal gå føre seg innan for eigedomseininga sin normale arbeidstid 07.30-15.00.

#### Forsikring:

NBK pliktar å teikna forsikring som dekkar skade på dei som utfører arbeid for NBK i tråd med denne avtalen, skade på andre personar som måtte oppstå som følgje av NBK sitt arbeid i idrettsparken.

Ved skader som skjer under NBK sin bruk som skyldes forsett, «uvettig bruk», uaktsomhet, skjødesløshet etc dekker NBK skaden fullt ut eller opp t.o.m egenandel. Ved hendig uhell deler NBK og LK 50/50 på skaden og betaler opp til egenandel.

#### Vilkår:

NBK og LK må i felleskap være fleksible og finne løsninger for hvordan de skal dele på utstyret til Lindås kommune. Begge parter må vise fleksibilitet. NBK kan disponera følgjande utstyr eigd av Lindås kommune når kommunen sjølv ikkje brukar det på dei andre anlegga kommunen eig;

- John Deere spesialtraktor for kunstgras.
- Toro slåmaskin for grasbana. Harv for kunstgras.
- Kasteslodd for kunstgras. Rammeslodd for grus.
- Kostebil for bruk på friidrettsbane.
- Gjødselspreiar.
- Tiphenger eller andre mindre hengere.
- Annet utstyr etter avtale.

NBK pliktar å syta for at dei som skal utføra arbeid på anlegget for klubben, set seg inn i kulturdepartementet sine vegleiarar for dei ulike anleggstypene i Knarvik Idrettspark.

NBK har ansvaret for at brukarane av maskiner har dei nødvendige sertifikat, og er kjent med dei instruksar som gjeldt for dei ulike maskinene.

NBK har ansvaret for at vedlagt skjema for sikker jobb analyse for dei ulike arbeidsoppgåvene utarbeidd av Lindås kommune til ei kvar tid vert brukt.

NBK pliktar å rapportera eventuelle uønska hendingar til Lindås kommune.

NBK eller personar knytt til NBK har ikkje høve til å nytta noko av Lindås kommune sitt utstyr til andre oppgåver enn det som er omtalt i denne kontrakta.

Sal av sponsoravtalar med profilering i Knarvik idrettspark:

Sal av sponsorskilt i idrettsparken er regulert av eige regelverk utarbeidd av Lindås kommune, og denne avtalen gir såleis ingen rett til å selja reklame i idrettsparken.

Tidsrom for avtale:

Avtalen trer i kraft 01.06.2017 og varar til 30.08.2018.

Avtalen kan ikkje seiast opp av partane i perioden, med mindre den eine eller andre parten meiner det er vesentleg missleghald av avtalen.

Det skal haldes evalueringsmøter. Minst 2 i avtaleperioden.

Vedlegg:

Vedlegg 1: Rutineark som fastslår frekvens på dei ulike oppgåven samt kva tidsrom på året dei skal utførast.


Vedlegg 2: Skjema for sikker jobb analyse

Knarvik 29.05.17



Erlend Andås

For Nordhordland ballklubb.



Therese Urdahl Braseth

For Lindås kommune.



**KNARVIK IDRETTPARK UTEANLEGG**

**Notat**

	Timar	Frekvens	Tal veker	Timar per år	Notat
Slå gras Knarvik stadion	4	2Xveka	24 veker	192	
Merking grasbane	2	1Xveka	20 veker	100	
Kosta spurtan Knarvik stadion+gangstiar	4	1Xveka	36 veker	136	
Slodda 11ar bane Knarvik	2	1Xveka	44 veker	88	
Slodda 7ar bane Knarvik	1	1xveka	44 veker	44	
Slodda bane Nh hall	2	1Xveka	45 veker	96	Må gjerast når skulen har fri
Slodda grusbane	1	1Xmånad	32 veker	8	Må gjerast når skulen har fri
Harving baner	6	2Xmånad	44 veker	120	
Slå omkringliggende plenar	2	2Xmånad	12 veker	48	
Gjødsla Knarvik stadion	3	5Xårleg		15	
Ryddda gummi etter snøbrøyting	8	1Xårleg		8	
Kosting/blåsing av grus, skit mm	4	2Xmånad	32 veker	64	
Snørydding baner	Etter behov estimert				
Kontroll og reparasjon mål	Fortløppande				
Etterfylling gummi alle baner	15	1Xårleg, 2 på 11ar bana		15	
Ettersyn, service, smøring utstyr	3	1Xmånad	8-9 mnd	25	
Reparasjonar utstyr	estimert			25	
Legging skøyteis	1-2 gonger årleg			25	
Stell skøyteis/snørydding	3	Dagleg		30	
Ryddda tribune, ettersyn rep. gjerde	Etter behov			8	
Ettersyn tekniske anlegg friidrett	1	1Xveka	28	28	
Smøring av låsar	1	1Xmånad	52	12	
				<b>1187</b>	

